

FORSLAG TIL TILTAK FOR TRYGT OG GODT SKULEMILJØ – AKTIVITETSPLIKT I PRAKSIS

INDIVID - GRUPPE – SYSTEM

Individnivå

- Trygga eleven gjennom tett voksenkontakt
- Sikra trygge overgangar: Før skulestart/1. time; time/friminutt; siste time/heim.
- Møta elev på morgonen/sleppa inn i klasserom/ bibliotek etc. før det ringjer inn, miljøretteiar aktiv i møte med eleven som treng det. Om mogleg, la dette vera ein fast person som eleven kjenner og har tillit til.
- «Trygge soner» i friminutt: t.d. biblioteket, klasserom, ute på faste plassar (kartlegging fortel kva eleven opplever som trygge soner).
- Ha avtale om å møta elev før skulestart, gjennomgang av dagen/kva som skal skje først, etterpå, til slutt. Benytt skriftleg dagsplan
- Trygga elev i lærings – og vurderingssituasjon. Fokus på meistring.
- Tilgjengeleg vaksen for oppfølging og samtale; det kan vera kontaktlærer, spes.lærer, miljøretteiar, helsesjukepleiar.
 - Faste tider for samtale, gjerne i starten og slutten av veka. Kva skal skje? Korleis har veka/dagen vore? Nytt psykologisk førstehjelpsskrin: grønne tankar/raude tankar/ hjelpehanda og t.d. KAT-kassen som verktøy for samtale.
- Hjelpa eleven til å finna medelevar å vera saman med som eleven kan byggja gode relasjonar til (basert på kartlegging/observasjon)
- Systematisk kartlegging og observasjonar etter oppsett plan (universelt nivå) og ved behov på selektivt nivå.
- Møta elevar som krenker andre/annan elev når dei kjem til skulen.
- Ha ein vaksen på skulevegen når det er naudsynt.
- Tilrettelagte aktivitetar inne om eleven ikkje har det bra/meistrar å vera ute i friminutta i periodar.
- Skulen praktiserer læringsvenn i klasserommet, og lærar bestemmer kven som er læringsvener.
- Lærar skal alltid vera større – sterkare – klokare – god (COS).

Gruppenivå

- Det er den vaksne/læraren som bestemmer grupper, læringsvenn og lag i klassen
- Elevane har faste plassar i garderoben, også i kroppsøving.
- Det er ei gjennomtenkt organisering/møblering i klasserommet. Det skal vera godt å vera i klasserommet. Plassering av pultar, opne rom, grupper, krokar... Dette er ein viktig del av eit læringsmiljø.
- Fadderordning
- Samarbeidslæring i klasserommet





- Det er organiserte aktivitetar i friminutta, ikkje berre i timane, styrt av vaksne og trivselsleiarane.
- Det er tydelege reglar og gjennomgang av reglane i klasserommet før ein går til friminutt.
- Det er systematisk fokus på sosialt samspel og læring.
- Klasseleiinga er varm og autoritativ. Læraren skal vera større – sterkare- klokare og god (COS).
- GOD START som metode i alle klasserom
- Det er tydeleg elevmedverknad, og klara reglar for kva lærar bestemmer og kva elevane kan vera med å bestemma.
- Reglar for godt samarbeid er nøye formidla og arbeida med i klassen.
- Det er god relasjon mellom lærar og elev, og den vaksne er genuint til stades og merksam på elevane og interessert i elevane heile tida.
- Ein har fast sosiale ferdigheiter på timeplanen. Skulen jobbar systematisk med å utvikla sosial kompetanse (t.d. bruk av Link til livet, Det er mitt val, psykologisk førstehjelp, HEI-spelet, eller andre tilsvarende metodar)
- Skulen har eit medvite forhold til språkbruk og jobbar kontinuerleg for å betra elevane sin språkbruk. Språk og relasjonar heng saman.
- Sosiale mål skal alltid vera ein del av vekeplanen.
- Bruka resultat etter kartlegging (t.d. sosiogram/spekter) som bakgrunn for systematisk arbeid med sosial kompetanse og trygge læringsmiljø.
- Utvikla ansvarlegheit hos elevane (t.d. gjennom opplegg som Meiningslinja).
- Faste samtalegrupper –jentegrupper og gutegrupper

Systemnivå

- Skulen har tydelege klassereglar for åtferd
- Skulen tryggjar område som gardarobbar, uteområdet, undervisningsrom
- Skulen har eigen plan for «Førebygging av trygt og godt skulemiljø» som har fast fokus i rektor sitt møte.
- Fast vaktplan og plan for kva som er forventa at den vaksne skal gjera når han/ho har vakt. Sikra at planen også gjeld ved fråvær.
- Fast vaktteam – altså dei same personane som er på dei same plassane –ein sikrar kontinuitet og praksisutvikling.
- Følgja opp aktivitet/elevane som treng det gjennom: t.d. namngjevne ekstra vaksne ute i alle friminutt knytt til særleg sårbare område (t.d. fotballbanen, ved toalett, i ballbingen) – forsterka tilsyn
- Dei som har tilsyn ute, skal gå innom toaletta minst to gonger i løpet av matfriminuttet og ein gong i dei kortare friminutta.
- Skriv opp namn på elevane som tydeleg «heng» på toalettet, i tillegg til å be dei gå ut.
- Læringsmiljø skal vera tema på foreldremøta
- Miljørettleiarane har eit særleg ansvar for tilsyn i overgangssituasjonane, t.d. ut/inn av klasserom, gardarobbar, gangar.
- Skulen har trivselsleiarar som styrer positive aktivitetar i matfriminutta.





- Rektor involverer seg i alle saker
- Skulen legg til rette for tolk når det er naudsynt
- Trygt og godt skulemiljø og sosial kompetanse er fast tema på foreldremøte.
- Kontaktlærer må eiga aktivitetsplanen og for førebygging på lågast mogleg nivå
- Tiltak i aktivitetsplanane skal drøftast fast på lagmøta kvar veke så lenge det føreligg ein aktivitetsplan
- **Alle kjenner rutinane for dokumentasjon – dei ligg i compilo.**
- **Alle kjenner plan for kartlegging av klassemiljø og gjennomfører undersøkingar etter oppsett plan.**
- **Skulen nyttar BTI-retteiar ved bekymring og oppfølging av elevane**
- **Skulen følgjer Førebyggjande plan for trygt og godt skulemiljø. Alle skulane har ein slik plan.**

Tiltak for godt samarbeid skule- heim

- Skulen som profesjonell part skal vera tydeleg og tillitsskapande.
- Styrka tilsyn i friminutta.
- Daglege samtalar med elevar ved behov for det.
- Dagleg/vekentleg kontakt med foreldre ved behov for det.
- Omorganisera grupper når det er naudsynt
- Mange nok trygge vaksne i klassen, der alle har tydelege roller og ansvar.
- Morgonmøte der ein fordeler oppgåver og ansvar
- Grundige og godt planlagte foreldremøte, der foreldre er involvert og bidreg om dei kan det
- Skulen trenar på vanskelege samtalar
- Skulen trenar på korleis dei skal møte sterke kjensler på ein god måte
- Fleire vaksne kan vera med på vanskelege samtalar/møte.
- Møta foreldra ofte nok, slik at ein byggjer tillit. Skriv notat etter møtet og få foreldra til å godkjenna dette i møtet.
- Alltid evaluera møte, slik at ein lærer om noko ikkje gjekk så bra som ein hadde tenkt.
- Læraren skal vera større – sterkare- klokare –god (COS); også i møte med foreldra.
- Oppmuntra til å ha eit positivt perspektiv på skuledagen – «Har det skjedd noko som var fint/hyggeleg/morosamt på skulen i dag? Fortel!
- Sosiale mål på vekeplanen, der foreldra vert oppmuntra til å følgja opp med samtalar heime
- Bruk PPT eller annan tredjepart i møta når det er naudsynt/naturleg.
- Alltid trygga foreldra på at skulen og heimen har eit felles mål om at barnet skal ha det trygt og godt på skulen.

Elevmedverknad - foreldremedverknad

- Har barnet blitt høyrte? Kva er barnet si subjektive oppleving?
- Har foreldra blitt høyrte? Å bli høyrte og tatt på alvor byggjer tillit. Det er skulen heilt avhengig av for å kunna jobba godt i saka.
- Har ein tidfesta tid for evaluering av tiltaka?

